



Kulturskulerektor Rolf Lothe er særst ngd med deltakinga i UKM – men fr Uskedalen kjem det berre to. Sondag ettermiddag reknar han med at det blir fullt i Kulturhuset, (Foto: Ola Matti Mathisen).

Sstrene Marit-Inga (10) og Ingvill Traavik Sture (13) fr Uskedalen deltek i Ungdommens kulturmnstring (UKM) i Kulturhuset p Husnes i helga. Der stiller det 74 aktrar (over 10 r) og det er langt fleire enn i fjor, fortel kulturskulerektor Rolf Lothe til uskedalen.no. Men Marit-Inga og Ingvill er dei einaste fr Uskedalen og det er noko overraskande.

Frå Herøysund er det til dømes innmeldt sju deltakarar.

Både Marit-Inga og Ingvill deltek i mønstringa med blyant-teikningar. Marit-Inga har teikna Disney-motivar medan Ingvill kallar teikningane sine "Svart natt".

Rolf Lothe veit ikkje kvifor interessa totalt sett er mykje større i år enn i fjor, men han antar at betre og meir effektiv marknadsføring er ein viktig grunn.

I den samanhengen peikar han på at Kvinnherad kulturskule fekk si eiga heimeside ved årsskiftet.

I UKM har mange kjende norske kunstnarar har hatt sin gjerne famlande debut. Også ho som leiar mønstringa på Husnes – Marie Røssland - har delteke i denne mønstringa.

Lothe strekar under at dette ikkje er noko tevling, men ei mønstring der ei rekkje kriteriar blir lagt til grunn.

- Her er alle vinnarar, seier han.

Det er ikkje stilt spesielle krav for å kunne bli med, berre at deltakinga må vera anmeldt før 10. januar.

Dei fem jurymedlemmene på Husnes skal plukka ut 10 deltakarar til fylkesmønstringa i Bergen som speglar av breidda i kulturtilbodet i kommunen. Juryen skal ta omsyn til originalitet, kreativitet, kvalitet og publikumskontakt. For å koma gjennom til fylkesmønstringa må ein vera over 13 år og 25 innslag frå vårt fylke vil verta plukka ut til landsmønstringa i Trondheim.

I fjor gjekk ei gruppe frå Husnes vidare til finalen – det var "Wave" og den deltek også dette året.

Eit spesielt innslag i år er ein video som fem jenter frå Rosendal har laga.

Dei som deltek med musikkinnslag har ein gjennomsnittsalder på 14 år, medan dei som skal dansa er 12,3 år og dei som stiller ut gjenstandar er 12,4 år i gjennomsnitt.

- Men sjølv om Uskedalen nesten ikkje er med i UKM dette året er bygda sterkt representert i kulturskulen, seier Rolf Lothe.

Bygda har 53 av 543 elevplassar innanfor eit vidt spekter: Musikkleik, grunnkurs, fiolin, cello, fløyte, korpsinstrument, hardingfele, dans – og Amigos!

Av Ola Matti Mathisen